

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-027
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022
042/22	Alver formannskap	24.03.2022
057/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

Partnerskapsavtale Nordhordland næringslag 2022 - 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune forlenger partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år, for 2022 og 2023.
- Partnerskapsbidraget er kr 100.000 per år
- Finansiering av avtalen blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022

Utval for næringutvikling og drift 23.03.2022:

Handsaming:

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 011/22 Vedtak:

Utvalet kjem med følgjande uttale i saka:

Utval for næringutvikling og drift sluttar seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg.

Alver formannskap 24.03.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 042/22 Vedtak:

- Alver kommune forlenger partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år, for 2022 og 2023.
- Partnerskapsbidraget er kr 100.000 per år
- Finansiering av avtalen blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022

Alver kommunestyre 07.04.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 057/22 Vedtak:

- Alver kommune forlenger partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år, for 2022 og 2023.
- Partnerskapsbidraget er kr 100.000 per år
- Finansiering av avtalen blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 23. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 24. mars

Saka skal avgjerast i kommunestyret 7. april

Kva saka gjeld:

I denne saka skal politisk nivå vurdere å forlenge partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år. Alver kommune og Nordhordland næringslag har hatt eit avtale i 2020 og 2021.

Bakgrunn

Saksopplysningar:

I sak 12/20 vedtok kommunestyret i Alver å inngå ein partnerskapsavtale med Nordhordland næringslag for 2020 og 2021. Føremålet med avtalen er at Alver kommune og Nordhordland næringslag skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet generelt, og tiltak/satsingar retta mot næringsutvikling i Alver spesielt. Målsettinga er at partnerskapsavtalen skal medverke til å realisere kommunale mål og strategiar for næringsutvikling, både knytt til ulike bransjar og til sektorovergripande satsingar.

Nordhordland næringslag er 50 år i 2022 og organiserer nær 400 verksemder i regionen. Organisasjonen bidrar til næringsutvikling gjennom synleggjering og nettverksbygging, og dei legg til rette fagleg utviklande arenaer der medlemmane kan møtast på tvers av bransjar. Næringslaget er partipolitisk nøytral og fokuserer mellom anna på auka omstillingsevne, utvikling og kompetanseutvikling. I tillegg er organisasjonen eit talerøyr for næringslivet. Dei har fire bransjegrupper; industri, havbruk, handel&service og handverk, i tillegg til å drive fleire nettverk for leiarar i næringslivet.

Ei forlenging av partnerskapsavtalen med næringslaget vil gjelde for åra 2022 – 2023, der kommunen bidrar med kr 100.000 i partnerskapsbidrag per år.

Vurdering

I etableringa av ein ny kommune har det vore viktig å få på plass nye arenaer og samarbeidsrelasjonar, og her har partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag vore eit sentralt bidrag. Etter kommunedirektøren si vurdering, har partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag bidratt til eit tett og godt strategisk samarbeid mellom partane. Dette gjeld både på politisk og administrativt nivå. Næringslaget og kommunen har samarbeida om mange ulike prosjekt og prosessar i avtaleperioden, i ei tid som har vore prega av koronasituasjonen. Dei mest sentrale prosessane er:

- Greenspot Mongstad
- E39 Klauvaneset - Vågsbotn
- Vestlandsscenarier
- Scenarioanalyse Nordhordland
- Regional næringsstrategi
- Batterifabrikk på Mongstad
- Kraftsituasjonen i Nordhordland
- Grøn konkurransekraft
- Grøn region Vestlandsporfølje
- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Alverbadet
- Nordhordland Awards
- Vindkraft på asfalt
- Mongstadprosjektet Right kompetanseprosjekt
- Strategisk næringsplan
- Kommunen sitt arbeid med planlegging og forvaltning, særleg knytt til innkjøp (lokalt næringsliv) og byggesak.

Nordhordland næringslag har stilt aktivt opp på politiske møter for å orientere om aktuelle saker. I koronatida har næringslaget bidratt med viktig informasjon om status for verksemdene. I tillegg har næringslaget vore med i kommunen sitt kontaktutval for næringsutvikling, og det har elles vore fleire samarbeidsmøte både med politisk og administrativ leiing.

Partnerskapsavtalen mellom næringslaget og kommunen gjeld for 2022 og 2023, og partane skal gjennomføre ei evaluering innan oktober kvart år for å vurdere vidare samarbeid. Finansiering av partnerskapsbidraget på kr 200.000 blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022.

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune forlengar partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag for 2022 og 2023.

Vedlegg i saken:

15.03.2022 Partnerskapsavtale Alver - NONL 2022-2023

1708759